

STRYN KOMMUNE

MØTEBOK

KONTROLLUTVALET I STRYN KOMMUNE

Møtestad:	Møterom 3108	Møtedato:	23.01.2013	Frå kl. :	10:15
Kommunehuset				Til kl. :	13:00

Faste medlemmer i Kontrollutvalet :	Møtte:	Forfall:	Merknader :
Rune Myklebust	X		
Aud Jorunn Hool Egge	X		Var permitert under delar av sak 03/13.
Henny Karin B Staalnacke	X		
Rune Holen	X		
Oddvar Bergset		X	

Varamedlemmer :	Møtte:		
Knut Johan Tjugen			
Eli Folven			
Terje Solvang			
Jørn Ola Svingeset			
Otto Rune Vik			
Tor Bjerknes			
Rasmus Guddal			
Matias Magne Sølvberg			
Margun Skiftesvik			
Arild Kåre Abrekk			

Ordføreren har møte og talerett i utvalet:

Ordfører Sven Flo og rådmann Per Kristian Storevik får tilsendt møteinnkalling til utvalet sine møte.

Andre som møtte :

SEKOM-sekretariat Asgeir Tveit
KIN v/Markvard Sunde sakene 01 - 06/13.
Rådmann Per Kristian Storevik sak 03/13.

Saker som vart handsama / drøfta i møtet :

SAKLISTA I MØTET :

001/13	Godkjenning innkalling og sakliste.
002/13:	Skriv og meldingar.
003/13:	Orientering om budsjettprosessen – budsjett 2013.
004/13:	Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Vedlikehald av kommunal eigedomsmasse i Stryn kommune – Prosjektplan.
005/13:	Eigenvurdering av oppdragsansvarleg revisor sin ubundenskap.
006/13:	Møteplan for kontrollutvalet i Stryn 2013.
007/13:	Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet i Stryn.
008/13:	Oppfølgingsliste 1-2013 – Stryn.
009/13:	Eventuelt.

Merknader :

Det var ingen merknader til innkalling eller saksliste

UNDERSKRIFTER : 6783 Stryn


Rune Myklebust, leiar


Rune Holen

Henny Karin B Staalnacke


Aud Jorunn Hool-Egge


Asgeir Tveit, sekr.

001/13 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 16.01.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	23.01.2013	001/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

- Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

002/13 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 16.01.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	23.01.2013	002/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- SM 01-13: Dokument kvalitetskontroll Kommunerevisjonen i Nordfjord.
SM 02-13: Brev frå KIN til kontrollutvala om Orientering om kommunerevisjonen, datert 12.12.12.
SM 03-13: Vedtak kommunestyresak 121/12 Plan for selskapskontroll.
SM 04-13: Vedtak kommunestyresak 078/12 Plan for forvaltningsrevisjon.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

003/13 ORIENTERING FRÅ RÅDMANN OM PROSESSEN RUNDT BUDSJETT 2013

Sakshandsamar: Asgeir Tveti. SEKOM- sekretariat
Dato: 16.01.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	23.01.2013	003/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Epost frå kontrollutvalsleiar til rådmannen, datert 10.01.13.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalsak 013/10 "Kontrollutvalsarbeid tiltak"

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Administrasjonssjefen si orientering vert teken til vitande.

Rådmannen møtte og orienterte:

- To hovudprinsipp.

1.

- o Rådmannen si tilråding
- o Sektorutval
- o Formannskap
- o Kommunestyre

2. Konsekvensjustert budsjett – legg til nye element og trekkjer får det som ikkje er relevant.

- I formannskapet ulitmo september – 14 mill
- I formannskap etter Statsbudsjett, nye element, oktober – 18 mill
- Sektorutval – 6 mill
- Formannskapet – 11 mill
- Fellesrådet (Kom inn seint).
- Etterpå formannskapet og kommunestyret.

Dette er ein meir omfattande prosess, men også meir politisk enn alternativ 1. Tidspress og lite tid i enkelte prosessar. Vanskelegare når det handlar om underskot enn når det handlar om overskot.

Også eit spørsmål om kor komprimert budsjettet skal vere. Eit detaljert budsjett gjev meir informasjon, men vert mindre oversiktleg. Budsjettet kan skrivast ut på fleire ulike nivå.

Korleis prosessen skal vere vert diskutert med politikarane (formannskapet) kvart år. Dei føretrekk alternativ 2 som vekslar mellom politisk og administrativ handsaming.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Kontrollutvalsleiar og sekretariat får i oppgåve å utarbeide eit notat om budsjettprosessen vedrørende tidsplan for prosessen og presentasjon av budsjettet.
- Notatet vert lagt fram for rådmannen og ordførar.
- Kontrollutvalet kallar rådmannen og ordførar inn til neste møte i kontrollutvalet.

Saksutgreiing

ORIENTERING FRÅ RÅDMANN OM PROSSEN RUNDT BUDSJETT 2013

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Rådmann orienterer om prosessen rundt budsjett 2013.

Saksopplysningar:

Kontrollutvalsleiar har bede rådmannen møte for å orientere om prosessen rundt budsjett 2013.

004/13: FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – VEDLIKEHALD AV BYGNINGAR - PROSJEKTPLAN

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat
Dato: 16.01.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	23.01.2013	004/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Prosjektplan – Forvaltningsrevisjonsprosjekt «Vedlikehald av kommunal eigedomsmasse i Stryn kommune».

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- RSK001.
- Kontrollutvalssak 033/12.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Prosjektplanen for forvaltningsrevisjonsprosjektet "Vedlikehald av kommunal eigedomsmasse i Stryn." vert godkjent.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

- Prosjektplanen for forvaltningsrevisjonsprosjektet "Vedlikehald av kommunal eigedomsmasse i Stryn." vert godkjent.

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – VEDLIKEHALD AV KOMMUNAL EIGEDOMSMASSE I STRYN KOMMUNE - PROSJEKTPLAN

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit.

Innleiing – Kva saka gjeld

Kommunerevisjonen i Nordfjord har lagt fram prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjektet "Vedlikehald av kommunal eigedomsmasse i Stryn."

Saksopplysningar:

I kontrollutvalsmøtet 23.11.2012 sak 033/12 vart tinging av forvaltningsrevisjonsprosjektet «Vedlikehald av kommunal eigedomsmasse i Stryn kommune» handsama, og det vart gjort følgjande vedtak:

- *Tingingsdokumentet med avgrensingar for forvaltningsrevisjonsprosjektet "Drift og vedlikehald av kommunal eigedomsmasse» vert godkjent.*
- *Tingingsdokumentet vert sendt over til Kommunerevisjonen i Nordfjord for operasjonisering.*

Av RSK001 går det fram at revisor skal lage gjennomføringsplan og gje tilbakemelding på tingingar av forvaltningsrevisjon.

Utskrift RSK001:

11) Revisor plikter å vurdere kontrollutvalgets bestilling i forhold til gjennomførbarhet og revisors faglige uavhengighet. Dersom revisor finner det påkrevd, må revisor avklare bestillingen med kontrollutvalget, eventuelt vurdere å si fra seg forvaltningsrevisjonsprosjektet.

18) For hvert prosjekt skal det utarbeides en skriftlig prosjektplan hvor det redegjøres for prosjektets problemstilling(er), revisjonskriterier eller grunnlaget for disse, og metodebruk.

19) Prosjektplanen bør også redegjøre for milepæler i prosjektet og planlagt tids- og ressursbruk, inklusive bruk av ekstern bistand. I tillegg kan det i prosjektplanen redegjøres for bakgrunn for prosjektet, avgrensinger, formål og annen relevant informasjon.

Problemstilling(er)

20) Det skal utarbeides problemstilling(er) for den enkelte forvaltningsrevisjonen.

21) Med utgangspunkt i bestillingen fra kontrollutvalget må revisor operasjonisere problemstillingen(e) slik at de blir tilstrekkelig konkretisert og avgrenset til å kunne besvares.

Kommunerevisjonen i Nordfjord har lagt fram prosjektplan for prosjektet. Det vert vist til prosjektplanen, som ligg ved, for nærare detaljar om innhaldet. Kommunerevisjonen i Nordfjord vert kalla inn til møtet for å gje nærare informasjon.

Sekretariatet sine vurderingar:

Sekretariatet vurderer det slik at Kommunerevisjonen i Nordfjord har lagt fram Prosjektplan og elles gjeve ei tilbakemelding i planen som er tilfredsstillande i høve til pkt. 11, 18, 19, 20 og 21 i RSK001.

005/13 EIGENVURDERING AV OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR SIN UBUNDENSKAP

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 16.01.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	23.01.2013	005/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	
Kommunestyret	-	-	-	

Saksvedlegg

Vurdering av ubundenskap, datert 13.01.13

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova § 79.
Forskrift om revisjon av 15.06.2004.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Stryn kommune, Markvard Sunde, si eiga vurdering av ubundenskap datert 13.01.2013 til vitande. Saka vert sendt til kommunestyret til orientering.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Stryn kommune, Markvard Sunde, si eiga vurdering av ubundenskap datert 13.01.2013 til vitande. Saka vert sendt til kommunestyret til orientering.

EIGENVURDERING AV OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR SIN UBUNDENSKAP

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Det vert vist til Forskrift om revisjon av 15.06.2004 § 15.

Sitat:

” Den som foretar revisjon skal løpende vurdere sin uavhengighet. Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og ellers ved behov, avgi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget. ”

Saksopplysningar:

Markvard Sunde, oppdragsansvarleg revisor for Stryn kommune, har i brev datert 13.01.13 gjeve ei skriftleg egenvurdering av sin ubundenskap. Sjå vedlegg.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppdragsansvarleg revisor har vurdert sin ubundenskap med utgangspunkt i dei objektivitetskrav som kjem til uttrykk i Kommuneloven § 79 og Forskrift om revisjon §§ 13 og 14. Det er ikkje opplysningar i eigenvurderinga som svekkar oppdragsansvarleg revisor sin tillit m.o.t ubundenskap og objektivitet overfor Stryn kommune.

006/13 MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET I STRYN 2013

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat

Dato: 16.01.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	23.01.2013	006/13	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyret		-	-	

Saksvedlegg.

- Forslag til møteplan for kontrollutvalet i 2013.
- Møteplan Stryn kommune

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Møteplan for kontrollutvalet i Stryn for 2013 vert godkjent.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Møteplan for kontrollutvalet i Stryn for 2013 vert godkjent.

Saksutgreiing

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET I STRYN 2013

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Møteplan for kontrollutvalet i Stryn for 2013.

Saksopplysningar:

Forslag til møteplan er vedlagt.

I arbeidet med å koordinere møta til kontrollutvala i SEKOM-sekretariat sitt område, for den langsiktige planlegginga sin del og for at kontrollutvalsmedlemene skal kunne koordinere sine planar og gjeremål, har ein funne det tenleg å lage planar for kva tid kontrollutvalsmøta skal haldast i 2013 i dei ulike kommunane. I planen for kvar kommune er det, under føresetnad av at det ikkje vert endringar i desse, teke omsyn til kva tid det skal vere formannskaps- og bystyremøte. Planen må sjåast på som eit utgangspunkt for kva tid det skal vere møte. Det kan kome endringar som følgje av saker som kjem på og som hastar eller av andre årsaker. Møteinnkalling vil alltid bli sendt ut i førekant av møte, og hovudsakleg skal dette skje minst ei veke før møtet vert halde.

Sekretariatet sine vurderingar:

007/13 ÅRSMELDING 2012 FRÅ KONTROLLUTVALET I STRYN

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat
Dato: 16.01.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	23.01.2013	007/13	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Kommunestyre		-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Framlegg til årsmelding 2012 frå kontrollutvalet.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet i Stryn kommune vert godkjent.

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

- Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet i Stryn kommune vert godkjent.

Saksutgreiing

ÅRSMELDING 2012 FRÅ KONTROLLUTVALET I STRYN

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit.

Innleiing – Kva saka gjeld

Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet til kommunestyret

Saksopplysningar:

Årsmelding frå kontrollutvalet er vedlagt.

Årsmeldinga vert stila til kommunestyret og er eit ledd i rapporteringa til dette organet. Jfr. kml. § 77 pkt. 6 som seier at kontrollutvalet skal rapportere resultatet av sitt arbeid til kommunestyret.

Årsmeldinga inneheld opplysningar om medlemer i kontrollutvalet, kven som har vore sekretariat for kontrollutvalet, oppgåvene til kontrollutvalet etter kommunelova §77 og forskrift til denne, omtale av saker som har blitt handsama og informasjon om arrangement kontrollutvalsmedlemene har delteke på.

Årsmeldinga skal vedtakast av kommunestyret.

Sekretariatet sine vurderingar:

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Stryn kommunestyre

ÅRSMELDING 2012 FRÅ KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet til Stryn kommune har i år 2012 vore samansett slik:

Medlemer:

Rune Myklebust
Aud Jorunn Hool Egge
Henny Karin B Staalnacke
Rune Holen
Oddvar Bergset

Vara medlemer:

Knut Johan Tjugen	Eli Folven
Terje Solvang	Jørn Ola Svingeset
Otto Rune Vik	Tor Bjercknes
Rasmus Guddal	Matias Magne Sølvberg
Margunn Skiftesvik	Arild Kåre Åbrekk

SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø og Asgeir Tveit har vore sekretariat for kontrollutvalet i 2012.

Virkeområda til kontrollutvalet er fastsett i kommunelova § 77. Til denne paragrafen er det laga eiga forskrift; "Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar" av 15. juni 2004. Kontrollutvalet har som intensjon å utføre kontroll- og tilsynsarbeidet, som inneber å føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltinga på vegne av kommunestyret og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, i samsvar med dette lovverket.

I 2012 har kontrollutvalet i Stryn halde fem møte der det er handsama i alt 36 saker.

Når det gjeld forvaltningsrevisjon har kontrollutvalet handssama overordna analyse, gjeve tilråding til kommunestyret om plan for forvaltningsrevisjon i perioden 2012 til 2015 og det har tinga forvaltningsrevisjonsprosjektet «Vedlikehald av kommunal eigedomsmasse». Det er venta levering av rapport for prosjektet 1. halvår 2013.

Kontrollutvalet har levert tilråding til kommunestyret om Plan for selskapskontroll.

Kontrollutvalet tok i 2011 opp sak om endring av økonomireglementet ved at det vert innarbeid i rutinen for investeringsprosjekt at sluttrapportar og sluttrekneskapar etter investeringsprosjekt skal via kontrollutvalet for uttale før det går til vidare politisk handsaming. Tilråding vart sendt til kommunestyret 4. februar 2011. Kommunestyrt gjorde vedtak i saka i sak 07/11. Kontrollutvalet har i 2012 hatt oppfølging av vedtaket til

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

kommunestyret og bede om at det vert lagt fram sak om økonomireglement til kommunestyret. Kommunestyrevedtaket er enno ikkje effektivt.

Kontrollutvalet har i 2012 kome med tilråding om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i 2013. Som følge av måten sekretariat og revisjon er organisert på, er det berre for drifta av kontrollutvalet det er gjeve tilråding om budsjett. Denne tilrådinga frå kontrollutvalet skal vere vedlagt kommunen si budsjettsak når formannskapet gjev tilråding til kommunestyret i saka og når kommunestyret gjer vedtak i saka.

Kontrollutvalet har gjeve uttale til årsrekneskapen 2011 for Stryn kommune.

Kontrollutvalet har kalla inn rådmannen for å få orientering i følgjande saker:

- RO-rapporten.
- Rutinar kring refusjonskrav til NAV.

Kontrollutvalet har i fleire møte kalla inn revisor for å orientere om revisjonsarbeidet.

Som faste saker på saklista har kontrollutvalet «Godkjenning av innkalling og sakliste», «Skriv og meldingar», «Oppfølgingsliste» og «Eventuelt».


Utover det som er omtalt ovanfor har kontrollutvalet handsama "Møteplan for kontrollutvalet 2012", "Vurdering av revisor sin ubundenskap" og "Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet".

Kontrollutvalet meiner at dei har gjennomført oppgåvene i samsvar med kommunelova § 77 og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar når det gjeld tilsyn og kontroll med administrasjonen.

Kontrollutvalet har også gjennomført oppgåva med å sjå til at kommunen har ei tilfredsstillande revisjonsordning gjennom å følge med på det arbeidet revisor leverer i form av rapportar med meir etter tinging frå kontrollutvalet og ved å kalle han inn for å orientere om revisjonsarbeidet.


Stryn den 23. januar 2013.


Rune Myklebust
Leiar


Aud Jorunn Høst-Egge

Rune Holen


Henny Karin B Staalnacke



Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

008/13 OPPFØLGINGSLISTE 1-2013 - STRYN

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 16.01.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	23.01.2013	008/13	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 1-2013 Stryn.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 1-2013 - Stryn vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Oppfølgingsliste 1-2013 - Stryn vert teken til vitande.

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 1-2013 - STRYN

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 16.01.2013.

Lista vil bli oppdatert fortlaupande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 1-2013 - Stryn.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Stryn kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

013/10 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	25.11.10		25.11.10 KU vedtak – - Det vert innført ordning med å kalle inn rådmannen for å få orientering om drifta på dei ulike områda i kommunen. - Det vert innført ordning med å leggje tertialrapportar fram for kontrollutvalet som skriv og melding. - Det vert innført ordning med å leggje tilsynsrapportar frå fylkesmannen og andre fram for kontrollutvalet som skriv og melding. - Kontrollutvalet ber Nordfjord kommunerevisjon om å leggje fram rapportar etter kvalitetskontrollar i høve til rekneskapsrevisjon og forvaltingsrevisjon i Stryn kommune fortlaupande. - Kontrollutvalet ber Nordfjord kommunerevisjon om å orientere om status i revisjonsarbeidet kring finansrevisjon ein til to gonger i året. Vidare vil kontrollutvalet be Nordfjord kommunerevisjon om ei generell orientering om revisjonsarbeidet.
019/11 Rapport forvaltningsrevisjon – Vurdering av rutinar og system for innkjøp av utstyr og inventar.	08.09.11		08.09.11 Tilråding til kst. 08.09.11 s/kst 20.09.11 Vedtak kst sak 046/11 Forvaltningsrevisjonsrapport – Vurdering av rutinar og system for innkjøp av utstyr og inventar i skulane i Stryn kommune. Vurdere om denne skal oppfølgjast i 2013
021/12 Oppfølging kommunestyrevedtak 007/11 rekneskapar avslutta investeringsprosjekt – Økonomireglement Stryn kommune	14.06.12		14.06.12 Vedtak KU Kontrollutvalet ber om at kommunestyret sitt vedtak i sak 007/11 vert gjennomført. 15.06.12 – Brev til kommunen.
024/12 Plan forvaltningsrevisjon – Stryn kommune.	03.09.12		03.09.12 Vedtak KU: Tilråding til KS vedteken. 04.09.12 Sendt tilråding til plan til KS. 07.11.12 Vedtak kst sak 078/12.
029/12 Godkjenning av innkalling og sakliste	23.11.12		23.11.12 Vedtak KU: Det var ingen merknadar til innkalling og sakliste.
030/12 Skriv og meldingar	23.11.12		23.11.12 Vedtak KU: Skriv og meldingar vert tekne til vitande.
031/12 Orientering frå rådmann om rutinar kring refusjonskrav til NAV frå kommunen.	23.11.12		23.11.12 Vedtak KU: Administrasjonen vil rapportere til KU i løpet av første halvår 2013 om kva utvikling ein får med uteståande krav på NAV.
032/12 Orientering frå revisor – Finansiell revisjon.	23.11.12		23.11.12 Vedtak KU: Orientering frå revisor vert teken til vitande.
033/12 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – drift og vedlikehald av kommunal eigedomsmasse – Tinging.	23.11.12		23.11.12 Vedtak KU: -Tingingsdokumentet med avgrensingar for forvaltningsrevisjonsprosjektet "Drift og vedlikehald av kommunal eigedomsmasse" vert godkjent. -Tingingsdokumentet vert sendt over til Kommunerevisjonen i Nordfjord for operasjonisering. 08.12.12 Tinging sendt til KIN
034/12 Plan for 23.11	.12		23.11.12 Vedtak KU: Planen for selskapskontroll i Stryn

selskapskontroll – Stryn kommune.			kommune for perioden 2012 – 2015 vert godkjent. 08.12.12 Planen for selskapskontroll sendt til kommunestyret. 19.12.12 Vedtak kst sak 121/12.
035/12 Oppfølgingsliste 5-2012 Stryn	23.11.12		23.11.12 Vedtak KU: Oppfølgingsliste 5-2012 – Stryn vert teken til vitande.
036/12 Eventuelt	23.11.12		23.11.12 Vedtak KU: Det vart ikkje teke opp saker under eventuelt.

Oppdatert 16.01.2013.

009/13 EVENTUELT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat
Dato: 16.01.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	23.01.2013	009/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Det vart ikkje teke opp saker.

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.